

STYRESAK

GÅR TIL:	Styremedlemmer
FØRETAK:	Helse Bergen HF
DATO:	22.10.18
SAKSHANDSAMAR:	Clara Gram Gjesdal, Nina Næsheim og Ingvild Sunde
SAKA GJELD:	Høyrings svar til Regional utviklingsplan og tilbakemelding på fordeling av ansvar for tiltak i Helse 2035/Regional utviklingsplan
STYRESAK:	105/18 A
STYREMØTE:	31.10.18

Forslag til vedtak:

1. Styret i Helse Bergen HF føreset at administrasjonen i Helse Bergen HF følger opp styret sine innspel til Regional utviklingsplan i høyrings svaret til Helse Vest RHF.
2. Styret i Helse Bergen HF støttar administrasjonen sitt forslag til tilbakemelding til Helse Vest RHF om fordeling av ansvar for tiltaka i Regional utviklingsplan, jf. dokumentet Helse2035 - tiltaksplan og eigarskap.

Bakgrunn

Saka gjeld to forhold:

1. Høyrings svar til Regional Utviklingsplan. Høyringsfrist er 15. november 2018.
2. Tilbakemelding til Helse Vest om fordeling av ansvar for tiltaka i Helse2035/Regional utviklingsplan. Vi har fått utvida frist til 1. november for å kunne behandle denne saka i styret.

Foreløpige innspel frå Helse Bergen HF til Regional utviklingsplan for Helse Vest RHF

Helse Bergen HF vil halde høyringsmøte om Regional utviklingsplan der vi inviterer nivå 2-leiarane, Brukarutvalet, føretakstillitsvalde og vernetenesta mfl. På grunn av tidsfristen for høyringa må vi be om styret sine innspel til denne planen før vi har hatt høyringsmøte.

Den regionale utviklingsplanen er sett saman av hovudelementa i Helse2035 (strategien), dei lokale føretaka sine utviklingsplanar og utkastet til Regional teknologiplan. Helse Bergen meiner det er bra at Regional utviklingsplan er sett saman av kjende dokument. Samtidig ber planen preg av å mangle avklaring og presisjon i fleire av måla og tiltaka.

Under blir administrasjonen sine foreløpige innspel til Regional utviklingsplan skissert. Punkta har blant anna kome fram ved å samanlikne Helse Vest sin regionale utviklingsplan med dei andre regionane sine utviklingsplanar.

- Helse Bergen HF saknar ei meir konkret beskriving av ambisjonar for spesialisthelsetenesta og kva rolle regionsjukehuset skal ha i regionen.
- Dei andre regionale utviklingsplanane stadfestar eller legg føringar for funksjonsfordelinga i regionen. Det må også Helse Vest RHF sin plan gjere.
- Planen kan med fordel vere tydelegare på at regionsjukehuset må ha koordineringsansvar for beredskap, slik det er i dei andre regionane.
- Helse Bergen HF meiner omtalen av forskning hadde vore betre om Helse Vest samanlikna seg med dei andre regionane og viser kva fortrinn sjukehusa i regionen har. Ambisjonen for forskinga i Helse Vest kan òg konkretiserast.
- Bruk av avtalespesialistar og private ideelle sjukehus er i liten grad omtalt. I Helse2035-strategien var partnerskap med dei private eit viktig tema som no verkar å vere tona ned. Helse Bergen saknar meir konkrete tiltak for korleis integrere dei private aktørane meir i den offentlege spesialisthelsetenesta.
- Helse Bergen HF saknar at behovet for gode, brukarvenlege IKT-system, som lettar arbeidskvardagen til medarbeidarane, blir gjort tydeleg.
- Det må òg vere eit mål at alle aktørar som har avtale med Helse Vest RHF må bli knytt til dei regionale IKT-løysingane. Dette gjeld journalsystemet for dei private avtalespesialistane og røntgensystema for dei private kommersielle og ideelle røntgeninstitutta. Dette vil betre pasientsikkerheit og pasientflyt, senke transaksjonskostnadane og betre økonomien i føretaka.

Innspel til Helse Vest om fordeling av eigarskap for tiltaka i Helse2035 Regional utviklingsplan.

I direktørmøtet i helseregion vest 1.oktober 2018 blei vedlagte dokument, Helse2035 – tiltaksplan og eigarskap, lagt fram. Fleire av direktørane ønskte å få gje innspel til dette forslaget.

Dokumentet blei sendt ut 8. oktober 2018. Helse Vest RHF har bedt om at kvar verksemd spelar inn synspunkt på kva tiltak ein kan ta ansvar for. Det er presisert at ansvar for eit tiltak i tiltaksplanen blant anna vil innebere å:

- Ta leiarskapen for gjennomføring av tiltaket
- Halde eit tilstrekkeleg sekretariat for å følgje opp aktivitetane under tiltaket
- Sørgje for nødvendige leveransar i tråd med planen
- Sørgje for at dei andre verksemdene blir involvert i arbeidet

Helse Bergen HF meiner det er behov for ein prosess i forkant av ei slik omfattande fordeling av oppgåver mellom helseføretaka i regionen. Helse Bergen saknar ein open diskusjon om korleis oppgåvene skal fordelast, og tydelege kriterium for val av eigarskap for det enkelte tiltaket. Ei slik tilnærming vil gje ein transparent prosess. Ein god prosess vil leggje grunnlag for vellukka innføring av endringar og nye løysingar.

Det er heller ikkje tilstrekkeleg konkretisert kva eigarskap til eit tiltak betyr, og korleis ein ser for seg at arbeidet skal organiserast og gjennomførast. Ein diskusjon av dette i samband med fordeling av tiltaka, vil òg styrke gjennomføringa og bidra til å sikre gode resultat.

På denne bakgrunn ber Helse Bergen HF om at det blir gjennomført ein prosess, der administrerande direktørar frå alle føretaka blir involvert i diskusjonen om fordeling av oppgåver.

Innspel til forslag til eigarskap i tiltaksplanen

Haukeland universitetssjukehus, Helse Bergen HF er eitt av fem regionsjukehus i landet, og hovudsjukehuset i helseregion Vest. Helse Bergen HF meiner det vil vere naturleg at det helseføretaket som har regionsjukehusfunksjonen tek på seg ansvaret for å betre koordineringa av beredskapsaktørane på Vestlandet, og å vidareutvikle sjukehus i team og forpliktande nettverk, jf. punkt 2.4 og 4.1 i tiltaksplanen.

Når det gjeld beredskapskoordinering, blir det vist til at Haukeland universitetssjukehus har ei rekkje fleirregionale og nasjonale kompetansesenter og behandlingstenester. Haukeland universitetssjukehus tek i mot flest akuttpasientar av sjukehusa i regionen, har regional traumefunksjon og er det sjukehuset som er best i stand til å handtere store beredskapshendingar saman med dei andre beredskapsaktørane på Vestlandet. Haukeland universitetssjukehus er alltid involvert i store beredskapshendingar i regionen. På denne bakgrunn må ansvaret for å betre koordineringa av beredskapsaktørane på Vestlandet leggjast til Helse Bergen HF.

Helse Bergen HF meiner vidare at det er riktig å leggje ansvaret for å vidareutvikle sjukehus i team og forpliktande nettverk til det føretaket som har regionsjukehusfunksjonen. Haukeland universitetssjukehus er eit komplett regionsjukehus med alle funksjonar innan ei rekkje spesialiteter, og tek i mot pasientar frå *alle* dei andre sjukehusa i regionen. Dette gjer at fagmiljøa på sjukehuset på dagleg basis samarbeider med dei andre helseføretaka. Det er også slik at dei fleste aktive fagnettverka i regionen blir leia frå Helse Bergen HF. Dette er eit godt utgangspunkt for å leie arbeidet med å vidareutvikle sjukehus i team og forpliktande nettverk.

I tillegg er Helse Bergen HF klar for å ta på seg eigarskap til andre oppgåver i tiltaksplanen etter vidare prosess med dei andre føretaka.

Konklusjon

Styret i Helse Bergen HF føreset at administrasjonen i Helse Bergen HF følgjer opp styret sine innspel til Regional utviklingsplan i høyringssvaret til Helse Vest RHF.

Styret i Helse Bergen HF støttar administrasjonen sitt forslag til tilbakemelding til Helse Vest RHF om fordeling av ansvar for tiltaka i Regional utviklingsplan, jf. dokumentet Helse2035 - tiltaksplan og eigarskap.

Vedlegg:

Utviklingsplan HV til høring
Helse2035 - tiltaksplan og eigarskap